

Informasjonsskriv til samarbeidspartnarar i helse- og omsorgstenesta i kommunane i Vestland fylke.

Modulstrukturert opplæring i helsearbeidarfaget for vaksne

01. august 2024 – ny opplæringslov

Med innføring av ny opplæringslov, kom ein utvida rett til vidaregåande opplæring for vaksne. Vaksne har no rett til vidaregåande opplæring fram til dei oppnår studie- eller yrkeskompetanse. Det betyr at dei kan fullføre utdanninga si uavhengig av kor lang tid det tek.

Vaksne som allereie har ein studie- eller yrkeskompetanse, har også rett til ein yrkesfagleg rekvalifisering. Det gir moglegheiter for omskolering og tilpassing til nye arbeidsmarknadsbehov.

Med ny opplæringslov, er det innført modulstrukturerte læreplanar for vaksne i fleire lærefag i vidaregåande opplæring. Det gir større fleksibilitet og moglegheit for tilpassing. Helsearbeidarfaget er eit av faga som er modulstrukturerte.

Kva er modulstrukturert opplæring?

Modulstrukturert opplæring inneber at opplæringa er delt opp i mindre, sjølvstendige modular. Kvar modul fokuserer på spesifikke kompetansar og ferdigheiter som er nødvendige, for å bli ein kvalifisert helsefagarbeidar. Det gir deltakarane høve til å tileigne seg kunnskap og ferdigheiter i eit tempo som passar dei.


Vaksne som startar eit modulstrukturert opplæringsløp, skal kartleggjast og plasserast inn på rett nivå. Dei skal ikkje gjennomføre meir opplæring enn det som er nødvendig for å oppnå sluttkompetansen dei ønskjer. Vaksne som har rett til vidaregåande opplæring, har rett til å få vurdert og dokumentert realkompetansen sin. Gjennom realkompetansevurdering, kan ein finne ut om kompetansen den vaksne viser, er likeverdig med kompetansen i fagopplæringa. Ei realkompetansevurdering skal danne grunnlaget for kva slags opplæringsløp den enkelte skal ha. Kvar deltakar vil få eigen opplæringsplan.

Modulstrukturert opplæring legg opp til at mesteparten av opplæringa skal skje i bedrift. Vg1 og vg2 kompetansemål frå læreplan i helsearbeidarfaget - modulstrukturert

opplæring for vaksne, kan fortrinnsvis givast som opplæring i skule, vg3 kompetansemål i bedrift. Lokale tilpassingar vil vere nødvendig.

Modulstrukturert opplæring i helsearbeidarfaget

Når det gjeld modulstrukturert opplæring i helsearbeidarfaget, er det utarbeidd ein eigen læreplan. Alle kompetansemål frå læreplan vg3 helsearbeidarfag, er fordelt i fire modular. I tillegg er det kompetansemål frå læreplan vg2 helsearbeidarfag og vg1 helse- og oppvekstfag i modulane. Her ligg det også kompetansemål frå fellesfag vg1: matematikk, naturfag og engelsk. Det er utarbeidd felles læreplan for norsk og samfunnskunnskap som eigen modul, med to ulike alternativ.



Organisering av opplæringa i Vestland fylke

Det er Vestland fylkeskommune som står ansvarleg for opplæringa. Laget rundt deltakar er ein suksessfaktor. Laget kan vere; fylkeskommunen ved/ rettleiingstenesta, Karriere Vestland, Seksjon inntak, forvaltning og sluttvurdering og vidaregåande skule. I tillegg er bedriftene ei viktig og stor brikke i denne opplæringsforma. NAV og flyktingtenesta kan også vere ein del av laget rundt deltakaren.

Organisering i skule

Det vil vere ulik organisering frå skule til skule. Det viktigaste er at deltakaren får den opplæringa han skal ha, ut frå opplæringsplanen sin. Det skal vere ein god dialog mellom skule og kvar enkelt bedrift.

Organisering i bedrift

Realkompetanse er grunnlag for opplæringsbehovet til kvar enkelt deltakar. Nokon er i eit arbeidsforhold, andre har kanskje ikkje vore i eit arbeidsforhold, eller stått utanfor i lengre tid. Opplæringsplanen til deltakar vil vere utgangspunkt for kva organisering den enkelte skal inn i.

Det blir ikkje utbetalt godtgjersle til bedrifta under praksis. Om den vaksne får status som lærling, vil bedrifta få utbetalt basistilskot 2.

Kandidatar som allereie er tilsett i bedrifta, kan behalde stillinga si og betalt arbeid i tillegg til opplæring. Dei som ikkje er i eit tilsetjings forhold, skal ikkje ha utbetalt lønn eller godtgjersle for utført arbeid under opplæringa.

Vegen mot fagbrevet

Utdanningsdirektoratet har ikkje sett rammer for kor mange timar eller år kvar enkelt deltakar skal/ må ha med opplæring. Alle som samarbeider om modulstrukturert opplæring i helsearbeidarfaget, skal vere trygge på at deltakar har den kompetansen han treng, for å kunne utøve yrket på ein profesjonell og fagleg forsvarleg måte ved bestått fagprøve.

Det skal gjennomførast underveisvurdering i modulane, for å vurdere om den vaksne har tilfredsstillande utbytte av opplæringa (jf. Opplæringslova §19-5).

Ved avslutning av opplæring i modulane, skal det gjennomførast midtvegsvurdering. Det er den som har stått for hovuddelen av opplæringa, som har ansvar for denne. Er det fleire som har hatt ansvar for opplæringa, blir det gjort i samråd med den andre. Der bruker eit karakteruttrykket godkjent/ ikkje godkjent.

Før fagprøva må deltakar ha bestått skriftleg eksamen; Helsearbeidarfaget, skriftleg (HEA3103). Opplæringa i helsearbeidarfaget – modulstrukturert opplæring for vaksne, skal avsluttast med fagprøve. Den blir laga ut frå læreplan i vg3 helsearbeidarfaget (HEA03-03). Har same organisering og vurdering som for ordinære lærlingar.

Vegen går seg til medan vi går

Vestland fylkeskommune jobber fortsatt med implementering av modulstrukturert opplæring. Vi håpar at informasjonsskrivet kan gi ei lita innføring i modulstrukturert opplærings kva, korleis og kvifor.

Opplæringsmodellen har ein verdi! Vi håpar de har lyst til å bli ein del av laget; samarbeide om at fleire vaksne kan få formalisert kompetansen sin, og helse- og omsorgstenesta kvalifisert arbeidskraft.

Sluttkommentar/ kjelder

Informasjonsskrivet er laga ved hjelp av kunstig intelligens.

[Forskrift om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæring](#) (opplæringsforskrifta) (05.juni 2024).

[Læreplan i helsearbeidarfaget](#) – modulstrukturert opplæring for vaksne (01.08.2024).

